



Saksframlegg

Oppheving lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn, etter høring

Utval	Utvalssak	Møtedato

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 PS Oppheving av lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn
- 2 Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn, Fyresdal kommune, Telemark – Lovdata

Bakgrunn for saka:

Plan og miljøutvalet la oppheving av lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn ut på høyring etter møte i utvalet 11 mars, frist for innspel blei sett til 31 mars. Etter at høyringsfristen var gått ut hadde det ikkje kome innspel til oppheving av forskrifta.

Plan og miljøutvalet er av den oppfatning at den lokale forskrifta om utslepp av sanitært avløpsvatn ikkje lenger har relevans i Fyresdal, den syns heller legge hindringar i vegen for ei villa utvikling. Den sentrale forskrifta og lovverket burde etter utvalets syn være godt dekkande for alle områder innan dette fagområdet i Fyresdal

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- *Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.*
- *Legge til rette for vidare utbygging av eksisterande og vurdere nye område for fritidsbustad.*

Fyresdal kommune innførte lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn for mindre enn 50 personekvivalentar så seint som i mai 2020. I saka den gangen var primærfokuset knytt til om ein skulle tillate tette tankar som ei godkjent løysing for avløpsvatn eller ikkje. Det blei konkludert med at ulempene ved bruk av tette tankar som eit alternativ for utslepp blei større enn fordelane. Kommunedirektøren er framleis samd i denne konklusjonen i dei aller fleste tilfelle. Tette tankar skal kun være eit alternativ der andre renseløysingar som kommunal tilkopling, infiltrasjon eller

minirensesanlegg ikkje er mogleg å nytte. Denne konklusjonen er også repetert i nasjonale anbefalingar knytt til utsleppsløysingar.

I den same lokale forskrifta, ble det også innført ein regel om at dersom ein ynskjer å installere minirensesanlegg skal kun det være tillate der minst ein fastbuande bolig er tilkople same avløpssystem. Denne endringa vert svært lite omtala i saka frå mai 2020, sjølv om denne endringa har enorme konsekvensar for moglegheitene for ei standardheving av fritidsboligar i Fyresdal. Desse to endringane har i sum ført til at det i prinsippet ikkje vil være mogleg å oppgradere fritidsbustaden sin til høgstandard i område som i utgangspunktet er lågstandard.

Konklusjon:

Grunnlaget for å tillat rimeleg stor hyttebygging i Fyresdal må ein anta mykje var og er for å styrke det lokale næringslivet i bygda. Entreprenørar, rørlegare, elektrikarar, butikkar mm har nytt godt av og nyter godt av alle dei som har Fyresdal som sin rekreasjonskommune. Skal ein framleis sikre eit godt bidrag til lokalt næringsliv gjennom besøkande på hyttene i Fyresdal, er det viktig at ein legg høva godt til rette for bruk av alle desse hyttene året rundt. I tidlegare tider var det ein stor andel av befolkninga som var komfortable med at hyttene var lågstandard, altså ikkje innlagt vann og avløp, mange også utan straum. I dag er denne andelen kraftig redusert, mange i besteforelder generasjonen er nok framleis godt tilfredse med lågstandard, mens barna og barnebarna nok er meir komfortable med ein høgare standard på hytteturen. Denne utviklinga har ført til at hytter med lågstandard blir mindre og mindre brukt av generasjonane som kjem etter, noko som igjen resulterer i ein kraftig reduksjon av overnattingsdøgn på hyttene, som igjen førar til mindre behov for oppussing og liknande.

Plan og miljøutvalet meiner derfor at å legge høva til rette for ein økt bruk av hyttene i Fyresdal vil gagne kommunen som heilheit, men spesielt for næringslivet i kommunen. Eit av verkemidla for å lykkast med dette er å legge til rette for at fleir skal få moglegheit til å få lagt inn vann og avløp. Når ein endrar til høgstandard på hytta vil behovet for å modernisere hytta melde seg, det være seg nytt bad, nytt kjøkken og liknande. Slik standardheving skaper behov for meir tenester levert av lokale næringsdrivande, meir handel mm. Ein vinn-vinn situasjon for kommunen og dei som har fritidsbustad i Fyresdal.

Derfor meiner plan og miljøutvalet at den lokale forskrifta legger hindringar i vegen for ei slik utvikling og ynskjer denne forskrifta oppheve.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune opphevar sin lokale forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk